

# Da erkebisp prøvde seg som sjørøver

1520-talet var ei uroleg tid i Danmark-Noreg. Kong Kristian II hadde vorte avsett i 1523 og drive i eksil til Nederlanda. Derifrå prøvde han å få støtte frå utanlandske fyrstar til å vinne att landa sine, og han sende ut kaperskip som herja i Nordsjøen. Ufredstidene dreiv erkebisp Olav Engelbrekts-son i Trondheim til å byggje ei moderne borg på Steinvikholm, og han rusta sjølv ut væpna skip som dreiv sjørøveri – ei spennande historie som skal forteljast her.



Dokumentet som viser at erkebispnen skulle kjøpe eit skip for 1500 rhinsgylden. Handelsavtalen vart skriven ned i to versjonar, ein på dansk-norsk og ein på skotsk-engelsk.



**D**en 14. april 1527 sende Olav Engelbrektsson ut ein liten flote leia av Paul Jonsson for å verne nordmenn på sjøen, «Norries rigæ, thess inbyggere och menigæ köffmænd [...] till trøst, wern och beskermelsæ», som det var formulert i ein følgjesetel Paul Jonsson fekk med seg. Det kan sjå ut til at dei dreiv ein aggressiv tryggingspolitikk, for 28. juli same år sende kong Jakob V av Skottland klagebrev til Noreg om at to skotske skip var kapra av nordmenn. Andre dokument fortel om ran av fleire andre skip. Etter kvart kom offer frå fleire handelsbyar kring Nordsjøen til Noreg for å søkje erstatning; kartet viser dei byane som blir nemnde her. Oppgjeret kan følgjast i skriftlege dokument som har vore gøymda til våre dagar, og dei vitnar samstundes om kor grunnleggjande fleirspråkleg mellomaldersamfunnet var.

### LATIN SOM DIPLOMATSPRÅK

Klagebrevet frå kong Jakob kom til Bergen og høvedsmannen på slottet der, som på denne tida var dansken Vincens Lunge, gift med ei dotter av fru Ingerd Ottesdotter til Austrått. Det ser ut som om fru Ingerd sjølv tok aktivt del i drøftingane om kva som skulle skje, og ho var blant dei som skreiv under eit svarbrev til skottekongen. Dette viser klårt kor høg status ho hadde i samtida si, da det ikkje var vanleg at kvinner utanfor kongefamilien spela ei rolle i storpolitikk. Både klagen frå Skottland og orsakinga frå Noreg var skrivne på latin, det internasjonale diplomatspråket den gongen. Tidendene kom òg til Danmark, der kongen uroa seg for tilhøvet til Skottland og sende eit særleg sendebod til Noreg.

Best kjennskap til hendingane har vi frå to brev Vincens Lunge sende til Olav Engelbrektsson i august og september 1527. Det går fram at Kristoffer Trondsson Rustung og Olav Lang stod i spissen for kapringane, som hadde gått ut over både skotske, engelske, tyske og nederlandske skip. Olav Lang er ikkje kjend elles, men Kristoffer Trondsson var noko av ein eventyrtar. Han spela ei viktig rolle i dansk-norsk politikk dei følgjande åra, og han er første gong nemnd i samband med desse hendingane i 1527. Etter at erkebispedømet fall bort med reformasjonen i 1537, dreiv han ei tid som sjørøver i Nordsjøen. Seinare gjekk han inn i den danske marinen, der han steig heilt til topps og vart den første riksadmiral.

Vincens Lunge prøvde å setje fast kaperane, men baa hovudmennene kom seg unna. Kristoffer måtte sjølv setje opp ein grundig rekneskap over alt han hadde bruka av byttet. Resten hadde han overlata til erkebispem. Det finst òg andre lister over det stolne godset, opprekna ned til minste strømp. Hovudbyttet var mjøl, men det var òg andre matvarer, øl, kanonar, mindre skytevåpen og ymse slag klede. På det eine skotske skipet hadde dei mellom anna stole «ein einhyrning» – det var slik narkvalstenner vart marknadsførde!

Olav Engelbrektsson nekta for å ha hatt noko å gjera med kapringane. Han hevda at sjøfolka hadde handla utan hans

vitande, men det enda likevel med at han laut betale erstatning. Det første oppgjeret skjedde i Trondheim i mars 1528. Dit kom skipper Thomas Gardner frå Leith i Skottland, som hadde ført det kapra skipet Peter. Det var ått av kjøpmannen David Falkoner og lasta med rugmjøl. Løysinga vart at erkebispem skulle kjøpe skipet for 1500 rhinsgylden, og handelsavtalen vart skriven ned i to versjonar, ein på dansk-norsk og ein på skotsk-engelsk (det er vanskeleg å skilje klårt mellom dialektane på denne tida). Den siste versjonen er teken med som illustrasjon her.

Under sjølve teksten ser vi eit bumerke, eit signet og ein signatur av skrivaren Thomas Hucheson «wyth my hand» («med mi hand»), så alle former for identifisering er nytta. I tillegg til kontantoppgjeret for sjølve skipet skulle skottane få 1200 tønner rugmjøl for lasten ombord. Dette vart betalt i avdrag utover året, mesteparten i Bergen sist i september. Det ser ut som dei vart vel forlikte, for året etter skreiv kjøpmann Falkoner til erkebispem og ytra ønske om å halde fram handelssambandet.

Sommaren 1528 kom utsendingar frå kjøpmenn i Dysart til Bergen. Dei hadde òg vorte fråstolne eit skip. Sjølve skipet



Viktige handelsbyar på 1500-talet.



hadde dei alt fått att, men no fekk dei dessutan erstatning for skaden. Dei hadde med seg eit introduksjonsbrev på latin frå oppdragsgjevarane sine, men kontraktane og kvitteringane vart denne gongen skrivne på norsk-dansk, medan skottane sette segla eller bumerka sine under avtalane, slik som i illustrasjonen. Det var altså berre den offisielle brevvekslinga over Nordsjøen som vart skriven på latin; folkemåla vart bruka til kvardagslege handelsavtalar. Det er eit teikn på at stillinga til latin som internasjonalt språk heldt på å bli svekt.

Paul Jonsson, ein av sjømennene til erkebispen, var truleg nederlandar. I eit par dokument som truleg er frå sommaren 1527,

landsk eller lågtysk (som var svært like dialektar) at kontraktar og kvitteringar på språket var rettsgilde. Erkebispen hadde òg ein kontakt i Skottland, ein mann som sjølv skreiv seg John Crechton, og som er nemnd i fleire av dokumenta i denne saka som Jon Skotte. Han var tydelegvis mellommann i handel med kjøpmenn i Newcastle.

Sjørøvarsaka fekk eit langvarig etterspel før alt var opp- og avgjort. Den siste som fekk erstatninga han søkte, var ein utsending frå kjøpmenn i Newcastle som kom til Noreg sommaren 1529. Same år fekk han første avdrag på erstatninga, men det drygde heilt til 1531 før siste restanse var betalt. Det



Handelsskip fra 1600-tallet. Illustrasjon etter «Cogs, Caravels and Galleons. The Sailing Ships 1000–1650», red. Robert Gardiner

vedgår han å ha stole varer frå to nederlandske kjøpmenn. Ein av dei heitte Claes Oedsson eller Dodessen (etternamnet er skrivne på ulike måtar), og i september 1528 var han i Bergen og inngjekk forlik med ombodsmannen for erkebispen. Endeleg oppgjer fekk han i september 1529, da det finst ei kvittering frå han skriven på nederlandsk.

### NÆR KONTAKT MED NEDERLANDA

Det er slåande at medan handelen på Bergen var dominert av Hansaen, med hovudsete i Lübeck, hadde erkebispen meir kontakt med Nederlanda. Det var der han både i denne omgangen og seinare henta leigesoldatar, det var dit Olav Engelbrektsson reiste da han måtte røme landet etter reformasjonen i 1537, og der hadde erkesetet viktige handelskontaktar. Det går til dømes fram av ein avtale frå 1532, der ein skipper frå Enkhuizen tek på seg å føre eit skip med fiskevarer frå Trondheim til Nederlanda og attende. Denne kontrakten er sett opp på lågtysk. Det er tydeleg at nordmennene var så godt vane med å lese neder-

vart ei dyr søge for erkebispen, som måtte stå ansvarleg for handlingane til tenestefolka sine. Og samstundes som søga i seg sjølv er spennande, ser vi kor avhengige dei som dreiv handel tidleg på 1500-talet, var av å kunne fleire språk: Her møter ein latin, skotsk-engelsk, dansk-norsk og lågtysk/nederlandsk. Det kan vere verdt å hugse i ei tid der mange synest det er nok om dei attåt morsmålet meistrar engelsk – vår tids latin.

### Lesetips

Scheen, Rolf 1940. *Sjørøver og admiral*.

Hamre, Lars 1998. *Norsk politisk historie 1513–1537*.

Berg, Ivar 2013. *Eit seinmellomalderleg skrivemiljø: Nidaros erkesete 1458–1537*.

Originaldokumenta er trykte i *Diplomatarium Norvegicum*, dei fleste i band VIII.

### Forfatter

**Ivar Berg** er postdoktor ved Institutt for språk og litteratur, Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet, NTNU.